



MØTEBOK

Organisasjon:	Styre, råd, utval m.v.:	Møtestad:	Dato:
Nordfjord Havn IKS	Hamnerådsmøte	NH møterom / Teams	18.12.2025

Hamnerådsmøte 4. 2025.

Møtte:	Per Kjøllesdal	Leiar	Til stades
	Sidsel Kongsvik	Nest Leiar	Teams
	Sonja Øvre Flo	Medlem	Til stades
	Jan Ove Rygg	Medlem	Til stades
	Bengt Solheim-Olsen	Medlem	Til stades
	Edvard Iversen	Medlem	Til stades

Meldt forfall: Tove Lill Refvik Volle
Agnar Kvernevik

Andre:	Kristian Skibenes	Hamnestyre leiar	Til stades
	Kjell Fagna	Hamnedirektør	Til stades
	Sølve Oldeide	Ref.	Til stades

Møte satt kl.10:00

Edvard Iversen ønsker å ta opp ei ekstra sak om molo på Raudeberg.

- Innkalling og sakliste godkjent.
- Underskrift møtebok: Bengt Solheim-Olsen og Jan Ove Rygg

Orientering frå hamnedirektør og leiar av hamnestyre:

Hamneregulativet 2026	(Vedlegg 1)
Hamnerådet tek regulativet til etterretning med presiseringa under pkt.8.	
Status drift pr. 3. kvartal	(Vedlegg 2)
Økonomiplanen 2026 – 2029	(Vedlegg 3)

Gangveg Olden – Landstraum Cruise Olden & Måløy – Forberede cruise kai Olden for landstraum – Trafikksentral ICT (Måløy) – Cruiseturisme til Gloppen (Sandane)



MØTEBOK

Organisasjon:	Styre, råd, utval m.v.:	Møtestad:	Dato:
Nordfjord Havn IKS	Hamnerådsmøte	NH møterom / Teams	18.12.2025

Sak 5/25 Gjennomgang og godkjenning av driftsbudsjettet.

Saksbeskriving:

Driftsbudsjettet ble framlagt og godkjent av Hamnestyret d. 14.11.2025. Hamnedirektøren vart bedt om å framlegga budsjettet for gjennomgang og endeleg godkjenning i Hamnerådet.

(Vedlegg 4)

Innstilling:

Hamnedirektørens innstilling: Driftsbudsjettet for 2026 godkjennast som framlagt.

Vedtak:

Einstemmig vedteke.

Sak 6/25 Førehandsgodkjenning av investeringsmidlar

Saksbeskriving:

Selskapsavtalen beskriv at hamnerådet skal godkjenne investeringane i Nordfjord Hamn. Det det ikkje er eit spesifisert størrelse på beløp som skal godkjennast i hamnerådet. På eit budsjettår kan det dukke opp moglegheiter som krev ei hurtig saksgang slik at resultatet for Hamna blir best mogeleg.

Saksvurdering:

Sidan 2020 har Hamnerådet gjeve Hamnestyret fullmakt til å bruke 5 millionar av selskapets driftsmidlar. Dette har gjeve hamnestyret ei mogelegheit å avgjera mindre investeringar utan å innkalle hamnerådet. Dette har vore ei løysing som har fungert særst bra. Ber om at hamnerådet godkjenner ei ramme på 5 millionar som hamnestyret har til disposisjon i løpet av budsjettåret 2026. Administrasjonen må kunne framlegga ein oversikt på kva som er brukt i budsjettåret frå denne fullmakta om hamnerådet ber om det. Administrasjonen ber rådet vidareføre denne ordninga då den har vist seg effektiv for drifta.

Innstilling:

Hamnedirektøren ber rådet vurdere og eventuelt godkjenne denne ordninga for budsjettåret 2026.

Vedtak:

Hamnerådet aukar ramma som hamnestyret disponerer frå kr. 5 million til kr. 8 million.

Einstemmig vedteke.



MØTEBOK


Organisasjon:	Styre, råd, utval m.v.:	Møtestad:	Dato:
Nordfjord Havn IKS	Hamnerådsmøte	NH møterom / Teams	18.12.2025

Sak 7/25 Olden fortøyingsfeste

Saksbeskriving:

Administrasjonen har i samheng med etablering av gangveg i Olden sett på moglegheit for montering av to nye 200 t. fortøyingsfeste for cruise skipa på sjøside av gangvegen.

Mål med etablering er å redusere kostnadar knytt til fortøyning samt å sikre fortøyning fram i tid.



Saksvurdering:

Norconsult har prosjektert to nye fortøyingsfeste inntil gangveg. Med å skru pælar gjennom fylling vil ein få tilstrekkeleg forankring utan risiko for å skade denne.

Administrasjonen har informert Stryn kommune om mogleg etablering og fått munnleg tilbakemelding om at tiltaket ikkje vil krevje noko større sakshandsaming.


Med etablering av fortøyingsfeste i land vil vi potensielt kunne fjerne bruk av fortøyingsbåt då vi ikkje lenger vil nytte bøylene som er der i dag.

Vi vil ikkje hindre/utsette arbeid med gangveg og er ganske sikre på at vi ikkje vil få klart nye festepunkt til sesongstart 1.april. Vi har derfor leigd AquaStructures til å sjå moglegheit for at bøya nærmast gangveg kan bli liggjande om vi sikrar eksisterande kjetting som blir under den nye fyllinga. Selskapet er det same som prosjekterte forankring av bøya i 2015.



MØTEBOK

Organisasjon:	Styre, råd, utval m.v.:	Møtestad:	Dato:
Nordfjord Havn IKS	Hamnerådsmøte	NH møterom / Teams	18.12.2025



Når fylling er ferdig og to nye festepunkt er etablert blir dei to bøyene frå 2015 og 1998 fjerna.

Dette vil være ei investering som på sikt vil redusere kostnader for både selskapet og kundar knytt til fortøying. Vi etablerte eit tilsvarande fortøyingfeste i Måløy i 2022 til kr.2,5 million.

Innstilling:

Administrasjonen presenterte prosjektet for hamnestyret d.14.11.25 med ei ramme på 6 millionar. Styret vedtok einstemmig å løyve 6 millionar for to nye fortøyingfeste i Olden.

Investeringa skal vidare leggst fram for hamnerådet for endeleg godkjenning. Investeringa tas over likvide midlar.

Vedtak:

Einstemmig vedteke.

Edvard Iversen orienterer om mail sendt til administrasjonen 8.desember som omhandlar molo på Raudeberg. Er ny aktivitet på gang med behov for meir kaiplass der han ønsker at Nordfjord Havn skal vurdere å inkludere seg. Hamnerådsleiar informera om at dette er ei sak som eventuelt skal handterast av hamnestyre.

Møte avslutta kl. 12:25.

Per Kjøllesdal

Bengt Solheim-Olsen

Jan Ove Rygg

SIGNATURES**ALLEKIRJOITUKSET****UNDERSKRIFTER****SIGNATURER****UNDERSKRIFTER**

This documents contains 4 pages before this page
Dokumentet inneholder 4 sider før denne siden

Tämä asiakirja sisältää 4 sivua ennen tätä sivua
Dette dokument indeholder 4 sider før denne side

Detta dokument innehåller 4 sidor före denna sida

authority to sign
representative
custodial

asemavaltuus
nimenkirjoitusoikeus
huoltaja/edunvalvoja

ställningsfullmakt
firmateckningsrätt
förvaltare

autoritet til å signere
representant
foresatte/verge

myndighed til at underskrive
repræsentant
frihedsberøvende